



Signe

Espen

Erlend

BLÅSTRÅ

- med songar frå fjerne fjell

Signe Wiig Salvesen - gitar og vokal
Espen Svenungsen - banjo og vokal
Erlend S. Hølland - kontrabass og vokal



OM PROGRAMMET

Kom og bli med på tur! Med gitar, banjo, kontrabass og trestemmig song tar Signe, Espen og Erlend oss med inn i bluegrassens verden og til sine favorittstader.

Trioen presenterer ekte bluegrass-songar som er oversett og tilpassa målgruppa 3-6 år. Borna får høyre litt om kva som er typisk for denne musikksjangeren og om instrumenta som blir brukt.

OM MUSIKARANE

Signe Wiig Salvesen frå Skien er frilansmusikar, sanglærer og vikar i barnehage. Ho spelar gitar og syng i bandet Boxcar Rental.

Espen Svenungsen kjem frå Langesund og jobbar til dagleg i barnehage på Sagene i Oslo. Han spelar banjo og syng i bandet Brokeland Bullets.


Erlend S. Hølland frå Krokstadelva er student og frilansmusikar. Han er ansvarleg for dei månadlege bluegrasskonsertane på Buckleys Roots & Blues Joint i Oslo, og spelar kontrabass og syng blant anna i bandet Lucky Lips som vart kåra til Europas beste bluegrassband i 2011.

PRAKTISKE KONSERTFØREBUINGAR

- Musikarane kjem til barnehagen ca. 30 minutt før konserten. Då er det fint om lokalet som skal brukas er rydda og klargjort til konsert.
- Det er best hvis borna sitter på tynne matter eller på golvet, slik at det er lett for dei å vera med og danse. Det bør helst vera litt sceneplass mellom utøvarane og publikum.
- Konserten varer ca 35 minutt og er i utgangspunktet produsert for born i alderen 3-6 år.
- Barn som er ekstra følsame for lydar bør sitje saman med ein vaksen.

KORLEIS STYRKE KONSERTOPPLEVINGA

Førebuing: Barnehagen får tilsendt ei postkorthelsing frå musikarane til alle borna som kjem på konsert. Postkorta skal delast ut til borna nokre dagar før konserten. På den måten skapar vi forventningar til konserten, og medvit om konserten både heime og i barnehagen. Det blir òg lettare for musikarane å skape kontakt med borna om "visittkortet" har kome fram.



God konsert!



SPØRSMÅL OM PROGRAMMET OG TURNÉPLANEN

Stian Norgård Aase
Musikkprodusent i Telemark fylkeskommune
Tlf. 35 91 74 75 / 91 79 97 52
E-post: Stian.Aase@t-fk.no

IDÉ/OPPLEGG

Musikkprodusent Rønnaug Flatin (Telemark fylkeskommune) i samarbeid med utøvarane.

FAKTA

Skulekonsertane og barnehagekonsertane blir til i samarbeid mellom Rikskonsertane og landets fylkeskommunar. Barnehagekonsertane er primært retta mot born i alderen 3-6 år.

Skule- og Barnehagekonsertane når kvart år 600 000 born over hele landet.

Konsertane skaper møter mellom unge publikumarar og profesjonelle musikarar.

Du finn meir informasjon på www.rikskonsertene.no

